

Ha ein fin hyttetur! 😊

*Reis frå hytta i den stand du sjølv ynskjer å finne ho -
og gjerne litt betre!*

- ✓ Skriv deg inn i **hytteboka** - namn, dato og info du vil dele.
- ✓ **Oppvarming.** Transport av ved er dyrt, og oppbevaringsplassen avgrensa. Bruk derfor veden til oppvarming av hytta, ikkje bålfyring.
- ✓ **Matlaging.** Før du tenner gassblusset, sett krana på gasstanken i «open» posisjon. Sperr alltid krana på gasstanken etter bruk. (den vesle brytaren på toppen av koplinga skal vere nede).
- ✓ Hjelp oss med å halde hytta og området rundt reint, **ta med alt utstyr, søppel og matrestar heim.**
- ✓ **Hunder er tillate** på golvet i hytta, men syrg for ekstra god reingjering.
- ✓ Matvarer som ikkje er opna, og tålar lagring godt (eks hermetikk, posemat) kan leggest att som naudproviant.
- ✓ **Reingjering.** Vask kjøkkenutstyr, koketopp, benker, bord og golv. Mangelfull reingjering medfører eit gebyr på kr. 2 500,-.
- ✓ **Meld frå til oss** om skader på inventar eller hytte, og dersom noko manglar (ved, gass, dekketøy, manglande reingjering eller søppel).
- ✓ Hugs å **ha att vindauga, ventilar og lås døra** når du reiser. Nøklar leverast der dei vart henta om ikkje anna er avtalt.
- ✓ **Nøkkel.** Dersom du mistar en nøkkel, må både nøkkel og lås bytast ut. Den som har mista nøkkelen er ansvarleg for kostnadene. Det vert ilagt eit gebyr på kr. 5000,-.

Utleige av desse hyttene er avhengig av at alle tek sin del av ansvaret med orden og reingjering, det skal vere triveleg også for neste gjest som kjem.

Vi ynskjer alle eit fint opphald!

